



Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane

Nyhendebrev 19.12.2018

Kjære ressursjukepleiar og leiar

Her kjem nyhendebrev frå nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde. Vi ynskjer å gje informasjon om aktivitetar i nettverket, samt å gje dykk oppdaterte nyhende innan fagområdet kreftomsorg og lindrande behandling. Dette brevet vert sendt ut til alle våre 105 ressursjukepleiarar og deira leiarar. Vi vil også nytte høvet til å takke kvar og ein av dykk for innsatsen som de har bidrege med dette året. De er viktige, fordi de hevar kompetansen på dykkar arbeidsstad når det gjeld kreftomsorg og lindrande behandling.

Kort oppsummering frå aktiviteten i haust

Nettverksmøter:

Lokale nettverksmøter vart arrangert i Aurland, Sandane, Solund og Jølster

Tema i haust var :

1. Ernæring ved alvorleg sjukdom v/ Marthe
2. Tryggleik og meistring til den palliative pasienten v/ Marthe

Det er inspirerende å kome rundt og treffe ressursjukepleiarane. Vi møter engasjerte og takksame sjukepleiarar. Fleire gav uttrykk for at tema engasjerte og at det var godt med fagleg «påfyll» i ein elles travel kvardag.

WHPCD:



Verdsdagen for lindrande behandling vart i år markert 18.10.18 på eit Folkemøte på Høgskulen i Sogndal. 52 deltok på folkemøte.

Tema for dagen: "Fordi eg betyr noko".

Vi inviterte til temakveld der vi satt fokus på korleis det er å møte alvorleg sjukdom i nær familie, og kva møte med alvorleg sjukdom gjer med oss menneske. Vi ynskte å syne at «det er lys i mørket», og at ein betyr noko også når ein vert ramma av alvorleg sjukdom.

- Kari Malmanger fortalde korleis ho opplevde at barnet hennar vart alvorleg sjuk av kreft.
- Prest Kjell Olav Nordheim og diakon Gitte Therkelsen Torstad snakka rundt temaet «Er det alltid lys i mørket?» Begge hadde mange års erfaring i møte med menneske som vert råka av alvorleg sjukdom og død.
- Lege Helge Sårheim i Palliativt team, Helse Førde, snakka rundt tema « Fordi eg betyr noko» Eit av dei mest kjende sitat innan lindrande behandling er: «*You matter because you are you. You matter to the last moment of your life, and we will do all that we can to help you, not*

only to die peacefully, but to live until you die». Helge snakka om det å sjå heile mennesket, ikkje berre sjukdomen. Spørsmål som «Kva ynskjer du for dagane som kjem? Kva er viktig for deg no?» stiller han i møte med den palliative pasienten. Han snakka også om korleis kvart menneske set «spor etter seg».

- Frisklivssentralen i Sogndal er ei interkommunal helsefremjande og førebyggjande helseteneste i Luster og Sogndal kommunar. Dei hadde fokus på at «Sjølv små endringar i kvardagen kan ha innverknad for helsa di». Frivillighetsentralen måtte melde avbod. Kreftkoordinator i Sogndal, Birte Husum, overtok deira føredrag og sette fokus på at alle har noko å gje, og at alle treng ei hand. Engasjementet deira er at menneske skal møtast gjennom frivillig innsats som skapar ny mening i livet.

Gode hjelpemiddel / dokument i nettverket

Undervisningsmalar (power point) i sjukepleiarnettverket:

- ESAS-r
- IP til bruk i palliasjon
- Nettverket og rolla som ressursperson
- Grunnleggjande palliasjon

Ta kontakt med Marit eller Marthe på e-post dersom du ynskjer å få desse tilsendt.

Planar for våren 2019

Lokalgruppemøter

Lokalgrupper	Stad	Dato
Sunnfjord/Sogn I	Gaular	06.05.2019
Indre Sogn	Luster	13.05.2019
Sunnfjord/Sogn II	Fjaler	27.05.2019
Nordfjord	Vågsøy	03.06.2019

Tema til våren vert:

- Innføring av medikamentskrin v/Marit
- Barn som pårørande v/ lokalgruppeleiar i kvar si respektive nettverksgruppe

Introduksjonskurs

Introduksjonskurs for nye ressursjukepleiarar og deira leiarar er planlagt 01. april 2019. Alle nye ressursjukepleiarar vil få ein eigen invitasjon i løpet av 2019.

Kvart år skal nye ressursjukepleiarar få tilbod om dette obligatoriske introduksjonskurset.

Etter introduksjonskurset skal ressursjukepleiar og leiar ha fått:

- kunnskap om organisering av nettverket
- kunnskap om organisering av kreft- og lindrande behandling i regionen
- starta med å planlegge ressursjukepleiarfunksjonen på sin eigen arbeidsstad
- orientering om kva rolle som bør forventast av ressursjukepleiar og leiar
- bevisstheit rundt rolla som ressursjukepleiar gjennom gruppearbeid
- innføring i relevante verktøy

Årleg Fagdag

Årleg fagdag vert 5. februar 2019. Program finn de på nettsida til nettverket.
Tema i 2019 : Med fokus på " nye" diagnosar i palliasjon.

Her er påmeldingslink til årleg fagdag:

https://www.deltager.no/fagdag_ressurssjukepleiarer_klb_05022019

Hospitering

Du er velkommen til hospitering på Kreftavdelinga og Kreftpoliklinikken på Førde sentralsjukehus.
Ta kontakt med
seksjonsleiar Kreftpoliklinikk Monika Staberg Sunde monika.staberg.sunde@helse-forde.no eller
seksjonsleiar Kreftsengepost Trine-Beate Berge Lauvås trine-beate.berge.lauvas@helse-forde.no
Alle ressursjukepleiarar vert anbefalt å hospitere innan ein periode på 3 år (jmf. Kompetanseplanen)

Det er høve til å søke støtte til reise og opphald for å hospitere.

Send e-post til marthe.hauge.aase@helse-forde.no I søknaden legg du ved namn, arbeidsplass, stilling og kor lenge du har vore med i ressursjukepleiarnettverket.

Kurs og konferansar i 2019

PALLIATIVE FAGDAGAR I BERGEN VÅREN 2019

Dette er eit grunnkurs i palliasjon for helsepersonell i kommunehelsetenesta og på lokalsjukehus i Helseregion Vest. Kurset vert arrangert vår og haust. Tid og program for våren 2019 er ikkje tilgjengeleg enno, men vi oppmodar ressursjukepleiarar om å fylgje med på nettsida til kompetansesenteret.

<https://helse-bergen.no/kompetansesenter-i-lindrande-behandling/kurs-seminar-og-konferansar>

Det er høve til å søke støtte til reise og opphald for å delta på palliative fagdagar.

Send e-post til marthe.hauge.aase@helse-forde.no I søknaden legg du ved namn, arbeidsplass, stilling og kor lenge du har vore med i ressursjukepleiarnettverket. Vi har høve til å sende 15 personar i 2019.

NORPAL

NORPAL - Innføring av pasientforløp i palliasjon

Prosjektgruppa i NORPAL inviterer til fagseminar

Erfaringsdeling og opplæring til helsepersonell som ikkje har deltatt på undervisningsdagane hausten 2018.

16. januar 2019, Skei Hotell, Jølster

https://helse-bergen.no/seksjon/KLB/Documents/Kurs%20og%20konferansar/Program%20fagseminar_NORPAL.pdf

NASJONALE KONFERANSAR:

19. Landskonferanse i Kreftsykepleie – september 2019.

Landskonferansen i kreftsykepleie vert arrangert i Østfold på Quality Hotel Sarpsborg, 11.-13. september 2019. Tittelen på konferansen er: «Hele mennesket - hele veien».

Meir informasjon kjem, så følg med. Vi ser fram til nok en flott konferanse.

<https://www.nsf.no/vis-artikkel/4058281/10507/19.-Landskonferanse-i-Kreftsykepleie---september-2019>

Vi minner igjen på endring av mailadresser, namn, telefonnummer osv.

Sjekk at ditt namn, namn på leiar, e-post, arbeidsstad og telefonnummer til både deg og leiar er rett på namnelista. Sjå her: [Nettverk Helse Førde - Helse Bergen](#)

Hugs å sende rett namn, tittel, e-post og telefonnummer til deg og leiaren din til sekretær ved KLB [Aud Myhre](#)

Så kjem vi med litt tips til lesestoff i jule- og nyårshelga:

<https://forskning.no/sykdommer-kreft-samfunn-psykologi/2015/10/skal-do-men-hverdagen-gir-livet-mening>

<https://forskning.no/kreft-trening-hogskulen-pa-vestlandet/trening-ga-friskmeldte-kreftpasienter-god-effekt-over-tid/1257520>

<https://forskning.no/bakterier-biokjemi-forskningspriser/antistoffer--superhelte-bade-i-kreftbehandling-og-pa-nobel-scenen/1270110>



Håpar du finn noko av interesse.

Vi vil ønske deg og dine ei riktig God Jul og eit Godt Nyttår

Med helsing

Marit og Marthe

